



# SELJE KOMMUNE

## Formannskapet

### Møtebok

**Møtedato:** 07.10.2015

**Møtetid:** Kl. 15:00 – 17:10

**Møtested:** Kommunehuset, 3. etg.

**Saksnr.:** 068/15 - 076/15

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Stein Robert Osdal – ordfører. TP: Judith Kvåle. AP: Åge Lundebrekke.  
SP: Gunn Sande. FRP: Marita Aarvik. H: Geir Årvik

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

TP: Jan Vidar Smenes. Forfall til møtet var meldt.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

TP: Terje Ødegård

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

Kl. 10.00 til kl. 11.30 hadde Formannskapet synfaring i Hoddevik i samband med handsaming av sak 71/15.

7 voterande

Formannskapet var samrøystes for å handsame ekstra saker:

Sak 075/15 Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 2. tertial 2015.

Sak 076/15 Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

Referat: Notat vedk. Okla- forhandlingar. Ikkje offentleg Fvl. §23.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
068/15	Godkjenning av møtebok
069/15	Delegasjonssaker
070/15	Referatsaker
071/15	Gbnr. 46/4 - Delingsak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Klagesak
072/15	Gbnr. 72/25 - Delingsak - Naust - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland - Oppheving av vedtak
073/15	Gbnr.72/4 - Byggsak - Lagerhall - Handsaming av klage - Else og Per Ove Våge
074/15	Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 - 2015
075/15	Rapport kommunens finansforvaltning pr. 2. tertial 2015
076/15	Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

**Tilleggsaker:** Sak 075/15, 076/15..

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:**\_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	07.10.2015	068/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/528
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 14.09.15 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
28.09.2015	Møtebok FS 14.09.15.pdf	69369

### **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

### **FS-068/15 VEDTAK**

Møteboka frå møte 14.09.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	07.10.2015	069/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/526
---	----------------------	-----------------------------

## Delegasjonssaker

**DFS. 031/15: Gbnr. 24/10 - Byggsak - Innvendig sjaktheis - Anne Helene Fure**

**DFS. 036/15: Viltforvaltning 2015 - Hjortejakt - Kåre Langenes**

**DFS. 037/15: Gbnr. 46/16 - Delingssak - Paula Alice Bjerck**

**DFS. 039/15: Gbnr. 64/1 - Delingssak - Arealoverføring - Mona Austrang**

**DFS. 040/15: Gbnr. 89/122 - Delingssak - Grunneigedom - Flatraket bustadfelt III - Selje Kommune**

**DFS. 044/15: Gbnr. 77/3 - Byggesak - Tilbygg naust - Lidvar Barmsnes**

**DFS. 045/15: Gbnr. 24/3 - Delingssak - Arealoverføring til 24/160 - Asbjørn Losnegard**

**DFS. 046/15: Gbnr. 56/1 - Delingssak - Arealoverføring - Opplysningsvesenets fond**

**DFS. 047/15: Gbnr. 56/1 f. 27 - Delingssak - Grunneigedom - Opplysningsvesenets fond**

## TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

**FS-069/15 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	070/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/527
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/3871	I	11.09.2015	Prosjektleiar Anita Otneim Hoddevik	Sluttrapport for prosjektet Implementering av Kvalitetslosen Vågsøy og Selje
2	15/3881	I	14.09.2015	UDI - Utlendingsdirektoratet	Behov for fleire mottaksplassar for asylsøkjjarar i region vest
3	15/3890	I	14.09.2015	IMDI Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	Oppmoding om busetting av flyktningar
4	15/3965	I	18.09.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Lovlegkontroll - sak KS 026/15
5	15/2310	U	12.05.2015	Fylkesaksjonsleiar Sogn og Fjordane - TV-aksjon	Melding om vedtak - Kommunekomiteé for TV-aksjonen 2015
6	15/4117	N	27.09.2015	***	Referatsak i formannskapet 07.10.15

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

### **Tilleggsreferat:**

6. Økonomisjefen: Budsjett 2016.

7. Rådmannen: Notat vedk. Okla- forhandlingar. Ikkje offentleg Fvl. §23.

### **FS-070/15 VEDTAK**

Referat nr.1 - 5 og nr. 7 vart teke til vitande.

Referat nr. 6 vart utsett.

Samrøystes.

Utskrift til:



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2015	060/15
Formannskapet	07.10.2015	071/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Anja Midttun	GBNR-46/1, FA-L33	15/138

## Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Klagesak

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	10.02.2015	Birgit Hoddevik	Søknad om dispensasjon
1	I	10.02.2015	Birgit Hoddevik	Søknad om deling grunneigedom
3	I	11.02.2015	Birgit Hoddevik	Vedlegg til søknad etter jordlova
5	U	17.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommunen	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - oversending til uttale
4	U	17.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Oversendingg til uttale
6	I	05.03.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Søknad om dispensasjon gbnr. 46/4 Hoddevik for oppføring av bustad
7	I	17.03.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Landbruksavd.	Uttale til søknad
8	I	18.03.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fj. - Miljøvernabd.	Uttale til søknad
11	U	20.04.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik i Selje kommune - Oversending av vedtak
10	U	20.04.2015	Birgit Hoddevik	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Birgit Hoddevik - Melding om vedtak
12	I	29.04.2015	Gunnar Hoddevik	Søknad om ny plassering av omsøkt tomt.
14	U	18.05.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Endra plassering - Oversending til uttale
13	U	18.05.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - Endra plassering - Oversending til uttale



16	U	19.05.2015	Birgit Hoddevik	Søknad frådeling gbnr 46-4 Hoddevik - Informasjon
15	U	19.05.2015	NVE region vest	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Hoddevik - Selje kommune - Aktsemdsområde - Oversending til uttale
17	I	04.06.2015	NVE	Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel
18	U	10.06.2015	Birgit Hoddevik	Krav om skredfarevurdering i høve frådeling bustadtomt, gbnr 46/4
20	I	17.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen
19	I	17.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Frådeling av bustadtomt- endra plassering, dispensasjon
22	U	19.06.2015	Birgit Hoddevik	Informasjon om klaging på vedtak i delingssak på gbnr 46/4
21	I	19.06.2015	Sogn og fjordane fylkeskommune	Kulturminnefagleg fråsegn
23	I	07.07.2015	Gunnar Hoddevik	Klage på vedtak
26	U	09.10.2015	Grunneigarlaget i Hoddevik	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - Hoddevik - ettersending til uttale
25	U	09.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Sogn og Fjordane fylkeskommune; Grunneigarlaget i Hoddevik; Birgit Hoddevik; Statens vegvesen Region vest	Gbnr. 46/4 - Delingssak - Grunneigedom - ny tilkomst - oversending til uttale

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.08.2015	Kart tomt 46-4.pdf	64271

### Saka gjeld

Klage på vedtak i PS – 025/15 datert 15.04.2015 – Deling etter Plan- og bygningslova og arealdelen av kommuneplanen.

### Opplysningar til saka

Birgit Hoddevik søkte på å dele i frå ei 1 da stor bustadtomt i nordlege hjørnet på hovudteigen på garden. Det kom uttale frå fylkeskommunen og fylkesmannen som gjekk i mot forslaget på grunn av at tilkomsten ville gå igjennom steingarden på buråsa som går i bygda. I tillegg ligg parsellen inne i eit dyrka område. Ei alternativ plassering vart sendt inn etter at me gav eit avslag på det fyrste forslaget og kommunen kom med forslag til plassering aust for deira forslag og ved innkøyrsla til eignedomen. Austre linje på den føreslegne tomte går langs vegen på tunet.

Grunneigarlaget har eit sterkt fokus på bevare dei gamle steingardane langs buråsa. Dei har innleigd ekspert til å lage rapport om kva tilstand steingardane er i. Same person var tidleg i

august dette året på staden og hald eit kurs som var ope for alle, der vedlikehald av steingardane var tema. Det er no i gang med arbeidet med å restaurere murane der det er behov.

Birgit Hoddevik har sendt inn klage på vedtaket datert 06.07.2015.

Innhaldet i klagen for å få delt i frå opprinnelig parsell, vert oppsummert slik:

- 1) Området det er søkt om ligg på den skrinna delen av innmarka
- 2) Huset kan byggjast så pass langt frå Fylkesvegen at en slepp sjenansen derifrå
- 3) Terrenget er her så skrått at ein kjem tilnærma under vegnivå som og reduserer sjenanse frå vegen pluss at huset vil verte mindre dominerande i utsynet frå mitt hus
- 4) Avkjørsla her er godkjend av vegvesenet
- 5) Kommunen treng fleire skattebetalarar

### **Lover/regelverk**

Plan- og bygningsloven  
Arealdel av kommuneplan  
Naturmangfoldloven

### **Sakshandsamar si vurdering**

Å plassere eit bygg midt ut i landbruksterreng vil gjere store inngrep både med tomt og tilkomst. Det vil i begge plasseringane som er foreslått frå grunneigar, gjere for stort inngrep i høve til dei gamle steingardane langs buråsa. Fylkeskommunen har råda kommunen sterk i frå å gje løyve til dette på grunn av dei gamle steingardane. I tillegg er det i grunneigarlaget si interesse å heller restaurere desse enn å gjere inngrep i dei. I tillegg kom fylkesmannen med uttale som tala imot fordi eit aktivt landbruk vil påverke ei bustadtomt her i negativ lei. Kommunen skal i kommuneplanen velje ut kjerneområde for landbruk og Hoddevik står sterkt i så måte. Det kanskje viktigaste argumentet for ei frådelling her vil likevel vere utvalgt kulturlandskap. Denne statusen har me fått tildelt, men vil bli redusert eller forsvinne om ein ikkje ivareteke verdiane kring ein slik status og stadig dispenserer frå plan. Kommunen kom med eit alternativ som er mindre konfliktylt i høve til tilkomst, steingardane, inngrep, landbruksareal, utvalgt kulturlandskap og skred. Dette fordi ein samlar byggmassen i lag og nyttar same infrastruktur og tilkomst som ligg der i dag. Det vil heller ikkje vere inngrep i steingardane.

### **Konklusjon**

Etter ei totalvurdering finn me ikkje gode nok grunnar til å ta klagen til fylgje.

### **Saksgang**

Held kommunen fast på vedtak i sak nr. PS 025/15, vert saka sendt til fylkesmannen til endeleg avgjerd. Tek kommunen klaga frå Birgit Hoddevik til fylgje stoppar saka i formannskapet med mindre den vert påklaga.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune tek ikkje klagen frå Birgit Hoddevik, datert 06.07.2015, til fylgje og held fast på vedtak i PS 025/15 datert 15.04.2015.

## **Handsaming i Formannskapet - 27.08.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå ordførar:**

Saka vert utsett.

Det vert avholdt synfaring før ny handsaming i Formannskapet 07.10.15.

### **Røysting:**

Framlegg frå ordførar fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

### **FS-060/15 VEDTAK**

Saka vert utsett.

Det vert avholdt synfaring før ny handsaming i Formannskapet 07.10.15.

## **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå Gunn Sande:**

Saka vert utsett til neste møte; 02.11.15.

### **Avrøysting:**

Framlegg frå Gunn Sande fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-071/15 VEDTAK**

Saka vert utsett til neste møte; 02.11.15.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	07.10.2015	072/15

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Anja Midttun	GBNR-72/25, FA-L33	14/579

## Gbnr. 72/25 - Delingssak - Naust - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland - Oppheving av vedtak

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	22.10.2014	Bjørn Inge Liland og Hanne-Grethe Liland	Saksdokument i pågående rettsak
2	I	07.11.2014	Adv. Per Kjetil Stautland AS	Søknad om deling
3	U	17.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 72/25 - Delingssak - Nausttomt - Oversending til uttale
7	I	21.01.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - gbnr 72/25 - delingssak - nausttomt
6	U	21.01.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 72/25 - Delingssak - Naust i LNF-område - Selje kommune - Oversending av vedtak
5	U	21.01.2015	Advokat Per Kjetil Stautland AS	Gbnr. 72/25 - Delingssak - Grunneigedom - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland - Melding om vedtak
8	I	04.02.2015	Advokat Per Kjetil Stautland AS	Kommentar til sak
9	I	11.02.2015	Mardal og Gjengedal Advokatane Lothe	Klage på vedtak
12	U	12.05.2015	Advokat Mardal	Klagesak Salt, informasjon
11	U	12.05.2015	Advokat Stautland	Klagesak Salt, informasjon
13	U	08.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 72/25 - Delingssak - Grunneigedom - Salt i Selje kommune - Oversending til endeleg avgjerd
14	I	31.07.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels svar - klagesak
15	I	27.08.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vedtak i klagesak - Deling av nausttomt på eigdommen gbnr. 72/25
16	I	03.09.2015	Jan Erik Mardal	Vedtak i sak.
17	I	21.09.2015	Advokat Stautland	Klagesak Salt, krav om sakskostnader

## Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.09.2015	SV: Klagesak Salt	69185
03.09.2015 12:41:59	Vedtak i sak om deling av nausttomt Gbnr. 72/25 i Selje	68562
30.09.2015	Vedtak i klagesak som gjeld deling av nausttomt på eigedommen gbnr. 72 25 i Selje kommune.pdf	68400
30.09.2015	Vedlegg.PDF	68401
21.01.2015	Gbnr. 72/25 - Delingssak - Grunneigedom - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland	62273
30.09.2015	Situasjonskart	60502
04.02.2015 12:48:30	Kommentar til sak	62730
11.02.2015 13:49:37	Klage på vedtak	62915

## Saka gjeld

Det er søkt om å få dele i frå ei nausttomt på gbnr 72/25 på Salt.

## Opplysningar til saka

1. Den 21.01.2015 gav Selje kommune løyve til å dele i frå ein naustparsell på gbnr 72/25. I saksvurderingane stilte me vilkår om at dei måtte få til ein avtale mellom partane som sikra tilkomst til naustet. Dette vart ikkje teke med i vedtaket.
2. Advokat Stautland representerer gbnr 72/25, dei klaga og meinte me ikkje hadde heimel i matrikkellova til å nekte oppmåling av lovleg frådelt areal, då dette skal avklarast i samband med vurdering av oppretting av eigedom.
3. Advokat Mardal, klaga til kommunen då dei meinte me ikkje hadde vurdert deira motsegn og at vilkår for dispensasjon ikkje var til stades. Dei skriv at søkjar må dokumentere rett til tilkomst før frådeling kan gjevast. Vidare skriv dei at etter dette er vedtaket ugyldig og saka må vurderast på ny.
4. I uttalen frå Fylkesmannen si landbruksavdeling skriv dei at det ikkje trengst dispensasjon då det allereie er gjeve i fyrste frådeling i 2002, og at det ikkje er endra bruk i høve til den gongen.
5. På bakgrunn av klagen frå advokat Mardal om at me ikkje tok vilkåra med i vedtaket, tilrådde administrasjonen at formannskapet sendte saka til fylkesmannen med tilråding om å oppheve vedtaket. Formannskapet fylgte tilrådinga.
6. Advokat Stautland sendte inn klage til fylkesmannen, med fleire vedlegg som beviste rett til tilkomst, både ei jordskiftesak frå 2014 og eit tinglyst skøyte datert 04.03.1964. Dette var informasjon som var ny for kommunen då den vart presentert til oss av fylkesmannen. Kommunen ser av nabovarsel sendt til advokat Stautland frå advokat Mardal at denne jordskiftesaka er nevnt i ein setning. Det er opplyst at jordskiftesaka er påanka. Det er beklageleg at kommunen ikkje har fanga dette opp. Likevel ser kommunen det som søkjar sitt ansvar å sende inn alle dokument som er relevant i saka.
7. Fylkesmannen sendte saka tilbake til kommunen for vidare handsaming saman med dei nye opplysningane.

8. Både advokat Mardal og advokat Stautland har tolka det som har skjedd så langt i saka slik at deira klientar har vunne fram i saka og sendt kommunen krav som skal dekke advokatrekningar til sine klientar jf fvl §36.
9. Selje kommune tok kontakt med fylkesmannen angående dei innsendte krava og fekk opplyst at kommunen kan sjå på vedtaket som mellombels, og at det kan vere endeleg vedtak som avgjer om me skal utbetale krav.

## **Lover/regelverk**

Forvaltningslova

### **Sakshandsamar si vurdering**

På bakgrunn av dei innsendte dokumenta (jordskiftesak og skøyte) frå advokat Stautland via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, har kommunen eit betre grunnlag for å vurdere søknaden og treffe eit vedtak. Då vedtaket vart fatta 21.01.2015 hadde ikkje sakshandsamar desse opplysingane i hende og det vart uheldigvis ikkje stilt vilkår i sjølve vedtaket. Me anser difor dette vedtaket som ugyldig og meiner at det einaste rette vil vere å oppheve dette etter Forvaltningslova §33. Dokumenta som advokat Stautland sende inn, tolkar kommunen til å vera merknader til klagen frå Mardal og handsamar ikkje dette skrivet som ei klage. Me vil derimot ta dokumenta med i den vidare sakshandsaminga.

Då Selje kommune meiner at vårt vedtak om å oppheva løyve til frådeling av nausttomt er mellombels, tek me ikkje stilling til pengekrava frå Våge og Mardal i denne runden.

### **Konklusjon**

Vedtaket i sak DS 003/15 med vedtaksdato 21.01.2015 vert oppheva jf. Forvaltningslova §33.

### **Saksgang**

Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten/ane.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Vedtaket i sak DS 003/15 med vedtaksdato 21.01.2015 vert oppheva jf. Forvaltningslova §33. Administrasjonen skal på bakgrunn av dei nye saksopplysingane, sendt inn av advokat Stautland via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, greie ut saka på ny og fatte eit nytt delegasjonsvedtak.

## **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

Geir Årvik tok opp spørsmål om habilitet med bakgrunn i familiære forhold og gjekk frå under handsaming av spørsmålet.

Geir Årvik vart vurdert som inhabil i handsaming av saka, etter Fvl. §6.  
6 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

Geir Årvik tiltrådde møtet etter avrøysting.  
7 voterande

**FS-072/15 VEDTAK**

Vedtak i sak DS 003/15 med vedtaksdato 21.01.2015 vert oppheva jf. Forvaltningslova §33. Administrasjonen skal på bakgrunn av dei nye saksopplysingane, sendt inn av advokat Stautland via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, greie ut saka på ny og fatte eit nytt delegasjonsvedtak.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Partar i saka.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	073/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	GBNR-72/4, FA-L42	15/109

## Gbnr.72/4 - Byggsak - Lagerhall - Handsaming av klage - Else og Per Ove Våge

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	U	15.06.2015	Advokat Gunnar Lunde	Melding om vedtak - Gbnr. 72/4 - Byggsak - Else og Per Ove Våge
16	I	08.07.2015	Advokatfirmaet Gunnar Lunde MNA	Klage på vedtak til Fylkesmannen
18	U	17.09.2015	Advokat Gunnar Lunde	Førebels svar - Handsaming av klage - Gbnr. 72/4 - Else og Per Ove Våge

### Saka gjeld

På vegne av Paal Villand Kvevik, klagar Advokat Gunnar Lunde på vedtak i sak 024/15 for Driftsutvalet 27.05.2015.

### Opplysningar til saka

#### Vedtak i sak 024/15:

*Tiltakshavar får løyve til å rive stormskada driftsbygning på gbnr. 72/4 som omsøkt, jf. Pbl. § 20-2, bokstav a og SAK 10 § 3-2, bokstav a.*

*Rivingsavfallet må handterast på ein miljømessig forsvarleg måte.*

*Tiltakshavar får jf. Pbl. § 20-2, bokstav b og SAK 10 § 3-2 bokstav a, løyve til å føre opp ny lagerhall på gbnr. 72/4 på vilkår av at:*

- Ny lagerhall vert bygt i samsvar med dei mål som er opplyst: lengde 30 meter, breidde 12 meter, mønehøgde 7,15 meter.*
- Grunnplan for ny lagerhall skal vere på grunnplan for eldre driftsbygning på same kotehøgde.*
- Bygninga skal nyttast til landbruksføremål.*
- Minste avstand til nabogrense (gbnr. 72/1) er 15 meter.*



- *Minste avstand til anna bygning er 1 meter (gamalt hønsefjøs). Tiltakshavar får løyve til å rive dette bygget, dersom det kjem i konflikt med ny lagerbygning.*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter.*

*Ein tek atterhald om at tiltaket får minimum 2,5 meter horisontal avstand til lavspenlinje og at næraste bygningsdel har minimum 6 meter avstand til høgspenlinje.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk til anna enn løyvet gjeld.*

*Dersom tiltaket ikkje vert i gangsett innan tre år frå vedtaksdato, vert løyvet automatisk trekt attende jf. Pbl. § 21-9.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er utsteda ferdigattest jf. Pbl. § 21-10.*

### **Lover/regelverk**

Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter.

Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

### **Sakshandsamar si vurdering**

Klagen er handsama etter Plan- og bygningslova og Forvaltningslova.

#### Spørsmål om klagerett jf. Fvl. § 29:

Klagen frå Paal Villand Kvevik vert vurdert rettidig framsett, jf. Fvl. § 29.

Utdrag frå brev datert 03.07.2015 frå Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal villand Kvevik;

I brev til Selje kommune med overskrift *Begrenset og betinget klage til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane over vedtak i byggesak 024/15*, peikar Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal Villand Kvevik på kulepunkt nr. 3 og kulepunkt nr. 5 i vedtak i PS 024/15 for Driftsutvalet; 1.

Vedtaket er bruksbegrensende i kulepunkt nr. 3 – i forhold til søknaden. Denne bruksbegrensningen gjør tiltaket lettere å leve med for nabo Kvevik, men det skulle ha vært benyttet dispensasjonshjemmel og vurdering etter plan- og bygningslovens § 19-2. Det er mulig at en vurdering under ovennevnte lovbestemmelse kunne ha ledet til samme bruksbegrensede resultat, slik at jeg ikke gjør dette til noe klagefundament isolert sett. Imidlertid, er bruksbegrensningen vanskelig å kontrollere og dertil sanksjonere, som er et skjønnsmoment, som fylkesmannen fullt ut har anledning til å prøve, jfr. forvaltningslovens § 34 annet ledd.

Kommunen har gitt aksept på oppføring av et betydelig bygningsvolum – på størrelse med et fellesfjøs – som likevel av tiltakshaver kun kan benyttes til landbruksformål – uten dyrehold. Jeg tenker at bygningsvolum i seg selv burde ha utløst dispensasjonsbehandling, noe jeg tar forbehold om å påstå, såfremt ikke saken kan forlikes som fremgår nedenfor.

2.

Det anføres at kulepunkt nr. 5 – tillatelse til å rive hønsefjøs skulle ha vært behandlet som en egen sak og innebærer et alt for stort skjønnsmoment hos tiltakshaver – ”dersom det kjem i konflikt med ny lagerbygning”.

Dertil er det fortsatt et ønske at bygningskroppen skyves 1 til 1 ½ meter mot gnr. 72/1, slik at minsteavstand til nabogrense kan gå ned mot 13 ½ meter.

Det er åpenbart tiltakshaver som har definisjonshjemmelen her og det er nærmest en blankofullmakt til tiltakshavers egen vurdering. Det kan da være tilstrekkelig å anføre at man ikke får kjøre med traktor/redskaper mellom de to bygningene etc, som derved utløser en bruksbegrensning, som lett kan defineres som en konfliktsituasjon eller en situasjon av annen praktisk art som gjør det ønskelig å rive bygningen.

Det gjøres gjeldende at kulepunkt nr. 5 bør tas ut av vedtaket i sin helhet, som kommunen kan gjøre endringsvedtak på i medhold av forvaltningslovens § 33, annet ledd.

Fra denne side vil det imidlertid bli søkt en minnelig løsning på saken – både overfor kommunen og skjønnsdomstolen. I den forbindelse vedlegger jeg som selvforklarende partens krav og resonnement

**Bilag:** Kopi av brev og foto fra Paal Villand Kvevik av 02.07.15,

hvoretter aksept da vil gi umiddelbar adgang for tiltakshaver til å igangsette riving og bygging og saken tas ut av skjønnsdomstolen ved at begjæringen trekkes herfra.

Ovenstående klage gir grunnlag for å prøve både faktum, skjønn og lovanvendelse, men er som fremgår begrenset og betinget.

Idet jeg tar forbehold om nye anførsler og bevis nedlegges slik

#### ***p å s t a n d :***

***Kulepunkt nr. 5 tas ut av vedtaket.***

Kommentarar til pkt.1 og 2 i brev frå Advokat Gunnar Lunde datert 03.07.2015:

Innleiingsvis ynskjer sakshandsamar å referere til dei vurderingar som vart gjort i samband med byggesak PS 024/15 med vedtaksdato 27.05.2015;

*Søknaden gjeld riving av eksisterande driftsbygning og oppføring av lagerhall på gbnr. 72/4 på Salt i Selje kommune.*

*Den eldre driftsbygninga er stormskada og lite eigna til moderne landbruk. Endevegg i nordaustleg retning manglar og byggverket er generelt i så dårleg forfatning at det vil vere knytt relativt store kostnadar til å setje den i stand.*

*Bygninga er ikkje registrert i SEFRAK, men er truleg oppført tidleg på 1900-talet.*

*Tiltakshavar er sauebonde og har behov for meir lagerplass.*

*Det er søkt om å bygge ny lagerhall for lagring av landbruksreiskapar, fôr, gjødsel og det er opplyst at delar av arealet skal nyttast til verkstad.*

*Det skal ikkje installerast vatn eller toalett i bygninga.*

*Omsøkt lagerhall er målsett til:*

- *Lengde 30 meter*
- *Breidde 12 meter*
- *Samla bebyggt areal på 360 m<sup>2</sup> (BYA)*

*Lagerhallen er planlagt oppført på tomta til den stormskada driftsbygninga, men vil på grunn av omsøkt storleik, bandlegge eit større areal.*

*Minste avstand til nabogrense (gbnr. 72/1) er 15 meter.*

*Minste avstand til anna bygning er 1 meter (gamalt hønsefjøs). Tiltakshavar har opplyst at han ynskjer å rive dette bygget dersom det kjem i konflikt med ny lagerbygning. Dette er naboane orientert om.*

*Minste avstand til midten av veg er uendra av nytt tiltak og meir enn 20 meter.*

*Mønehøgde er sett til 7,15 meter.*

*Grunnplan for ny lagerhall skal vere på grunnplan for eldre driftsbygning (sjå vedlegg).*

1.Sakshandsamar har ikkje vurdert at tiltaket utløyste søknad om dispensasjon, sidan søkjar eig og driv småbruk og ynskte å erstatte eldre driftsbygning som tidlegare hadde vore brukt som lager, med ei ny og funksjonell bygning.

2.Sakshandsamar er i etterkant delvis samd i at riving av hønsefjøset burde vore gjenstand for ei grundigare handsaming, men hønsefjøset er ei lita, forfallen bygning som ikkje har vore nytta til føremålet på fleire tiår.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering, tek ikkje Selje kommune klage frå Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal Villand Kvevik til fylgje og opprettheld sitt vedtak i arkivsak 15/109, PS 024/15 med vedtaksdato 27.05.2015 (Driftsutvalet).

### **Saksgang**

Held kommunen fast på vedtak i saka, vert den sendt til Fylkesmannen til endeleg avgjerd. Tek kommunen klaga frå Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal Villand Kvevik til fylgje, stoppar saka i Formannskapet med mindre den vert påklaga.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Etter ei samla vurdering, tek ikkje Selje kommune klage frå Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal Villand Kvevik til fylgje og opprettheld sitt vedtak i PS 133/14 med vedtaksdato 14.11.2014, arkivsak 12/865;

*Tiltakshavar får løyve til å rive stormskada driftsbygning på gbnr. 72/4 som omsøkt, jf. Pbl. § 20-2, bokstav a og SAK 10 § 3-2, bokstav a.*

*Rivingsavfallet må handterast på ein miljømessig forsvarleg måte.*

*Tiltakshavar får jf. Pbl. § 20-2, bokstav b og SAK 10 § 3-2 bokstav a, løyve til å føre opp ny lagerhall på gbnr. 72/4 på vilkår av at:*

- *Ny lagerhall vert bygt i samsvar med dei mål som er opplyst: lengde 30 meter, breidde 12 meter, mønehøgde 7,15 meter.*
- *Grunnplan for ny lagerhall skal vere på grunnplan for eldre driftsbygning på same kotehøgde.*
- *Bygninga skal nyttast til landbruksføremål.*
- *Minste avstand til nabogrense (gbnr. 72/1) er 15 meter.*
- *Minste avstand til anna bygning er 1 meter (gamalt hønsefjøs). Tiltakshavar får løyve til å rive dette bygget, dersom det kjem i konflikt med ny lagerbygning.*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter.*

*Ein tek atterhald om at tiltaket får minimum 2,5 meter horisontal avstand til lavspentlinje og at næraste bygningsdel har minimum 6 meter avstand til høgspentlinje.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk til anna enn løyvet gjeld.*

*Dersom tiltaket ikkje vert i gangsett innan tre år frå vedtaksdato, vert løyvet automatisk trekt attende jf. Pbl. § 21-9.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er utsteda ferdigattest jf. Pbl. § 21-10.*

## **Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-073/15 VEDTAK**

Etter ei samla vurdering, tek ikkje Selje kommune klage frå Advokat Gunnar Lunde på vegne av Paal Villand Kvevik til fylgje og opprettheld sitt vedtak i PS 133/14 med vedtaksdato 14.11.2014, arkivsak 12/865;

*Tiltakshavar får løyve til å rive stormskada driftsbygning på gbnr. 72/4 som omsøkt, jf. Pbl. § 20-2, bokstav a og SAK 10 § 3-2, bokstav a.*

*Rivingsavfallet må handterast på ein miljømessig forsvarleg måte.*

*Tiltakshavar får jf. Pbl. § 20-2, bokstav b og SAK 10 § 3-2 bokstav a, løyve til å føre opp ny lagerhall på gbnr. 72/4 på vilkår av at:*

- *Ny lagerhall vert bygt i samsvar med dei mål som er opplyst: lengde 30 meter, breidde 12 meter, mønehøgde 7,15 meter.*
- *Grunnplan for ny lagerhall skal vere på grunnplan for eldre driftsbygning på same kotehøgde.*
- *Bygninga skal nyttast til landbruksføremål.*
- *Minste avstand til nabogrense (gbnr. 72/1) er 15 meter.*
- *Minste avstand til anna bygning er 1 meter (gamalt hønsefjøs). Tiltakshavar får løyve til å rive dette bygget, dersom det kjem i konflikt med ny lagerbygning.*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter.*

*Ein tek atterhald om at tiltaket får minimum 2,5 meter horisontal avstand til lavspentlinje og at næraste bygningsdel har minimum 6 meter avstand til høgspentlinje.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk til anna enn løyvet gjeld.*

*Dersom tiltaket ikkje vert i gangsett innan tre år frå vedtaksdato, vert løyvet automatisk trekt attende jf. Pbl. § 21-9.*

*Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er utsteda ferdigattest jf. Pbl. § 21-10.*

Samrøystes.

Utskrift til:  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (til endeleg avgjerd)



## SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	074/15
Kommunestyret	16.11.2015	

<b>Sakshandsamar:</b> Maria Helgesen	<b>Arkiv:</b> FE-233, FA-C00	<b>Arkivsaknr</b> 15/397
---	---------------------------------	-----------------------------

### Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 - 2015

#### Vedlegg

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.09.2015	KIFFF ferdig plan 201211.pdf	69402

#### Opplysningar til saka

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse, (KIFFF) skulle reviderast dette året.

På grunn av både nedskjeringar, omstilling og endringar i administrasjonen, har ein ikkje hatt nok tid og riktig kompetanse til å køyre ein god prosess.

Ved ei forlenging av KIFFF planen, vil kommunen ha ein godkjent plan i eit år til, og ein kan starte ein god revideringsprosess der både fylkeskommunen, frivillige, lag og organisasjonar er involverte.

Om ein ikkje har godkjent plan, har ein ikkje rett på spelemidlar til fordeling i 2016. Dette vil ha store konsekvensar for det frivillige arbeidet og utviklinga av idrett og aktivitetsmuligheitene for innbyggjarane i Selje kommune. Forlenginga er anbefalt og avklara med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

*(Til orientering: Rullering av handlingsprogrammet og prioritering av spelemiddelsøknadar for 2016, kjem som eiga sak i kommunestyret desember 2015.)*

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015, blir utsett i eit år og kommunedelplanen blir forlenga til å gjelde ut 2016.

**Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015**

7 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-074/15 FRAMLEGG**

Revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015, blir utsett i eit år og kommunedelplanen blir forlenga til å gjelde ut 2016.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	07.10.2015	075/15
Kommunestyret	21.10.2015	

<b>Sakshandsamar</b> Geir Kvisten	<b>Arkiv</b> FE-250	<b>Arkivsak</b> 14/571
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

## Rapport kommunens finansforvaltning pr. 2. tertial 2015

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
05.10.2015	Rapport finansforvaltningen pr. 31.08.2015.pdf	69641

### Saka gjeld

I henhold til kommunens finansreglement skal status for kommunens finansforvaltning rapporteres ved hvert tertial. Vedlagt følger rapport over kommunens finansforvaltning pr. 31.08.2015

### Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret.

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 31.08.2015 vedtas til orientering.

### Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015

7 voterande

Saka med vedlegg vart lagt fram i møtet.

### Røysting:



Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-075/15 FRAMLEGG**

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 31.08.2015 vedtas til orientering.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	076/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FA-Q64	15/75

## Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
19	I	07.10.2015	Høgre og Senterpartiet FRP	Synergieffekter frå bygging av Stad Skipstunnel

### Opplysningar til saka

Saka kom opp som tilleggsak.

### Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015

7 voterande

Innspel til å handsame ekstra sak frå FRP, Høgre og Senterpartiet vart lagt fram. Formannskapet vedtok samrøystes å handsame saka.

### Framlegg frå FRP, H og SP:

Det opprettes et nytt utval som skal koordinere arbeidet med Synergieffektene fra byggingen av Stad Skipstunnel.

Utvalget skal bestå av 3 medlemmer.

Leder: Anfinn Sjøstad

Medlem: Gunnar Silden

Medlem: Styret i bedriftsforeningene på Stadlandet og i Selje velger en felles representant i utvalget.

Utvalget organiseres slik:

Utvalget skal i første omgang finansieres i gjennom 150 000,- i tilskudd fra Nordfjord Vekst

og de løpende kaileieinntektene frå Nordfjord Hamn som blir utbetalt Selje kommune kvartalsvis (ca. 150 000,- i årlige inntekter). Utvalget rapportere direkte til formannskapet.

**Framlegg frå Formannskapet:**

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å ta omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

**Røysting:**

Framlegg frå FRP, H, SP fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-076/15 VEDTAK**

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å ta omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

Samrøystes.

